

Rekruttering/trening barn 2013

Antal deltakarar har vore relativt stabilt sidan 2012. I 2013 har vi hatt +-18 deltakarar på barnetreningane. Alderen på barna er ifrå 6 til 12 år. Ein del av desse har og vore med på klubbløpa.

Nybyrjarkurset vart arrangert i slutten av april på Ganddal skule og i Vagleskogen. Det var ca. 10 deltakarar med. Me hadde same opplegg som sist år. Kursleiarane på Ganddal skule hadde ei gruppe kvar som vi viste kartdetaljar/teikn til. For enklare kartforståing hadde vi både flyfoto og kart over skulen. I Vagleskogen kunne deltakarane prøva seg på ulike nyløyper. Instruktørar på kursa var mellom anna Trond, Stig, Morten, Vibeke, Erik og Alf Johan.

Barnetreningane var i gymsalen på Lundehaugen skule før påske, forskjellige plassar ute etter påske, til haustferien. Etter haustferien og fram til jul var gymsalen i Lundehaugen skuletreningstaden igjen. Me har fortsett med å ha ein ansvarleg trenar og 2 medhjelparar på treningane.

27. august vart lagkonkurransen i Grudaskogen arrangert. Laga skulle finne så mange aktivitets- og vanlege postar dei kunne på 45 min. Lagkonkurransen som var med i nærløpskarusellen dette året hadde 67 deltakarar. Veldig bra gjennomført av blant anna Vibeke, Aud, Ann Karin og Zoe. Trenarane på barnetreningane som bytta på å vere hovudtrenar og assistent var mellom anna Stig, Janne, Morten, Trond, Vibeke, Aud, Kristin, Ragnhild, Zoe, Tim, Grete, Unni, Inger Cecilie, Alf Johan og Erik.

Klubbkarusellen blei også i år gjennomført med 5 løp frå mai til september inkludert klubbmeisterskapet. Dette har vore ein suksess sidan oppstarten i 2011. Men det har likevel vore ein liten nedgang frå 2012. Det vart registrert 224 startar i 2013 (mot 235 i 2012)

Idrettskulen. Trond har som tidligere år hatt orienteringsaktiviteter på idrettskulen.

DNB Challenge blei arrangert for Sørbø skule og Sandved skule. Her deltok 120 elevar frå 5. 6. og 7. trinn. Det blei gjennomført som ein lagkonurranse.